

# Møtebok – Lom fjellstyre

## TITTELBLAD MØTEBOK FOR LOM FJELLSTYRE

**Møtedato:** 25.mai 2021

**Møtestad:** Norsk Fjellsenter

### Desse var til stades på møtet:

Faste medlemer: Erik Frisvold, Ellen Olasveen, Oluf Kvålshagen, Frikk Kolden.  
Varamedlemer: Ingen  
Andre: sekretær/ dagleg leiar Åsmund Galde  
Møtet vara frå kl.19.00 til kl. 22.00

### Saker som vart behandla:

Sak nr./år: 19/2021 – 28/2021

### Underskrifter:

Vi stadfestar med vår underskrift at det som er ført i sakene 01/2020 – 12/2020 er det som vart vedteke.

### Utskrifter:

Hovudutskrift av protokoll går til:

- ✓ Fjellstyremedlemene
- ✓ Lagt ut på Lom fjellstyre si heimeside [www.lom-fjellstyre.no](http://www.lom-fjellstyre.no)

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	19/2021	Arkiv nr.:		Møtedato:	25.05.21
Saksbehandlar:	Eilev Hellekveen				

## Referat og meldingar..

- A. Kopi av brev frå Statskog SF. Gjerdekontroller
  - B. 20210322 Kopi av brev frå Statskog. Tillatelse til bruk av drone for filmopptak - Leir- og Bøverdalen statsallmenning
  - C. 20210406 E-post frå Lesja fjellstyre. Forslag til endring av jaktregler i Reinheimen.
  - D. 20210409 E-post frå Statskog SF. Utsatt frist revisjon - 5 fjellstyrer
  - E. 20210409 Kopi av e-post frå Jotunheimen nasjonalpark styre til NVE. Delegert vedtak - Jotunheimen NP - snødekt mark - helikopter - transport av målestaker og annet utstyr - målinger på breer og isfonn - Norges vassdrags- og energidirektorat
  - F. 202103 Villreinutvalget Reinheimen-Breheimen. REF styremøte 2021mars
  - G. 20210322 Innkalling årsmøte for Fjellstyrene i Oppland 2021
  - H. 20210313 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Motorferdsel - snødekt mark - Bruk av snøskuter for frakt av materialar til sperregjerde - Storådalen beitelag
  - I. 20210313 Kopi av e-post frå Statskog SF til Visit Jotunheimen. Dispensasjon til dronofilmning - utvida område
  - J. 20210415 Kopi av E-post frå Lom kommune til NVE – Motorferdsel - løyve til transport, bremålingar i Jotunheimen
  - K. 20210420 Invitasjon Reinheimen-Breheimen vilreinutvalg  
20210420 Bestandsplan Reinheimen-Breheimen  
20210420 Tilslutning bestandsplan fellesjaktavtale 2021-2023  
20210420 – 2020 Årsmelding Reinheimen-Breheimen villreinutvalg
  - L. 20210518 – E-post frå fjellstyrene i Oppland. Referat e-post årsmøte 2021
  - M. 20210420 E-post frå Lom Fjellstyre til Reinheimen-Breheimen villreinutvalg. Tilslutning til bestandsplan avtale
  - N. 20210423 Brev frå Statskog SF. Tilsagn om tilskudd til fjellstyrenes oppsyn i Statsallmenningene
  - O. 20210507 kopi av e-post frå Jotunheimen NP - Disp. - Motorferdsel 2021-2022 - Snøskutertransport - gjetarbu på Gjendetunga - Lom Tamrein AS og Vågå Tamrein AS
  - P. 20210507 E-post frå Villreinnemnda Reinheimen-Breheimen, Tildeling av fellingsløyve villrein
  - Q. 20210429 E-post frå Motion Blur og svar på e-post frå sekretæren. Filmopptak i Lom.
  - R. 20210510 E-post frå Reinheimen-Breheimen villreinutvalg. Referat årsmøte.
- TILEGG:
- S. 20211603 E-post frå Lom sambeitelag. Jakt med laus hund.
  - T. 20210421 E-post frå Lom jeger- og fiskarforeining. Jakt med laus hund i Lom.
  - U. 20210520. E-post frå Finndalen fjellstyre. Trekningsliste villreinjakt

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	20/2021	Arkiv nr.:	335.1	Møtedato:	25.05.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Visdalen statsallmenning. Uttale - Søknad om gjerde mot sau ved Spiterstulen.

### Sakspapir:

- E-post frå Statskog SF sendt 26. april med vedlegg. Uttale til søknad om gjerde mot sau ved Spiterstulen.

### Saksutgreiing:

Med e-post sendt 26. april ber Statskog SF om fjellstyret si uttale til søknad frå Spiterstulen turisthytte om gjerde mot sau ved Spiterstulen.

Spiterstulen turisthytte har med søknad av 23. april søkt Statskog SF om løyve til å ha opp gjerde mot sau rundt eit areal nytta til teltplass som ligg på vestsida av elva Visa. I søknaden er det gjort greie for problem knytt til sau inne på campingområdet og at dei ynskjer å sette opp strømgjerde for å stenge sauene ute.

I søknaden er det synt til uttale frå Lars Eivind Sulheim som har beiterett og sau i det aktuelle området:

*«Vi viser til søknad om å få gjerde inn teltplassen på Spiterstulen. Inngjerdinga er tenkt slik at ein nyttar 1 meter lange svarte plaststolpar, ca. 2 m mellom kvar stolpe. I hjørne slår ein ned vanlege gjerdestolpar med isolatorar. Inngjerdinga blir utført med straumleiande band, 10 mm breie. Straum til gjerdet ved vanleg gjerdeboks, kopla til nettstraum. Varselskilt på øvste tråd for kvar 25 meter. Gangbru/trapp over gjerdet for å kome inn og ut av plassen, og til stigen mot Galdhøpiggen. Gjerdet blir satt opp 15. juni, og teke ned att 15. september.»*

Det ligg ved kartskisse som syner kor gjerdet er tenkt plassert.

### Opplysningar og merknader:

Oppsetting av gjerde er ei grunndisponeringssak etter §12 i fjellova og fjellstyret skal få høve til å kome med fråsegn før Statskog SF tek avgjerd. Fjellstyret står fritt til å uttale seg om alle sider ved saka, ikkje berre om tiltaket er til vesentleg skade for nokon med bruksrett slik det kan lesast av e-posten frå Statskog.

Det er berre ein gard som har beiterett i dette området. Høgfjellskommisjonen sa med kjennelse av 3. sept. 1935 at Nigard Sulheim, gnr. 132, bnr. 1, har einerett til all slags beite i Visdalen statsallmenning. I søknaden er det vist til uttale frå Nigard Sulheim, og det kan forståast at gjerdinga vil skje i samråd og i samarbeid med dei.

Statskog SF og fjellstyret har hatt ei restriktiv haldning til bruk av strømgjerde mot utmark. I dette tilfellet er det ynskje om gjerde både frå festehaver og beitebrukar. Gjerdet blir sett opp og ettersett i samarbeid mellom beitebrukaren og turisthytta og gjerdet kjem til å stå oppe berre i beitesesongen.

Området som er søkt inngjerda vil dekkje over råka Spiterstulen-Galdhøpiggen, Spiterstulen Juvasshytta og Spiterstulen-Svelnosbreen/Tverråbreen. Fleire tusen turistar

## Møtebok – Lom fjellstyre

går her årleg. Det er gjort greie for at det vil bli laga gangbruer over gjerdet ved eksisterande råk, og tilstrekkeleg merka for å varsle om strømførande tråd.

Tamreinlaget har ikkje beitekontrakt for Visdalen statsallmenning, men flytter flokken forbi her på etterjulsvinteren og før påske. Det kan finnast streifdyr her i den tida gjerda er tenkt oppe. Tamreinlaget er med e-post sendt 11. mai varsla om søknaden frå Spiterstulen turisthytte.

### Forslag til uttale:

Lom fjellstyre er restriktive til å tilrå bruk av straumgjerde mot utmark, men meiner at det i denne saka kan gjevast løyve til å sette opp gjerde slik det er omsøkt.

Fjellstyret grunngjev dette med at det er berre ein beitebrukar i Visdalen statsallmenning, og at gjerdet er eit fellestiltak som er ynskt både av turisthytta og av beitebrukaren. Det er lite trafikk av vilt her i den tida gjerdet er tenkt brukt, samstundes er det folk til stades her heile døgnet.

Det må settast som vilkår at gjerdet blir sett opp og tilrettelagd med trapper på ein slik måte at det ikkje er til ulempe for ferdselen langs dei merka turstigane.

### Uttale:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post

Sak nr.:	21/2021	Arkiv nr.:	316.2	Møtedato:	25.05.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

### Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Generelle reglar og retningslinjer for gjerde rundt fritidshytter.

Sakspapir:

- Sak 7/2020 i Lom Fjellstyre
- Sak 21/2020 i Lom Fjellstyre
- E- post 2. september 2020 frå Statskog SF
- E-post 25. juli 2020 frå Bøvertjønningen hytteforening

### Saksutgreiing:

Fjellstyret handsama i sak 21/2020 spørsmålet om generelle reglar og retningslinjer for gjerde rundt fritidshytter, campingvogner, bilar m.m. i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning og fatta slik samrøystes vedtak:

## Møtebok – Lom fjellstyre

«Fjellstyret meiner at det generelt bør være strenge reglar for gjerde knytt til fritidsformål på statsallmenningane i Lom. Bruksrettsinteressene, beitebruk, dyrevelferd, estetiske omsyn og allmennheits rett til ferdsel- og utøving av friluftsliv veg tungt.

Fjellstyret vil legge følgjande forslag til «generelle reglar og retningslinjer for gjerde rundt fritidshytter, campingvogner, bilar m.m. i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning» ut til offentleg gjennomsyn, med frist til 1. august 2020 med å kome med merknader før fjellstyret fremjar framlegg til Statskog SF for endeleg avgjerd:

- **Gjerder rundt fritidshytter:**

Fjellstyret foreslår at det blir oppretta slik avtale med Statskog SF med reglar for gjerding rundt fritidshytter i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning:

Etter søknad som Statskog og fjellstyret avgjer i felleskap kan fritidsfester i Vårdalen, Visdalen, Leir- og Bøverdalen statsallmenning få løyve på følgjande vilkår:

1. Det kan gjerdast inn til 20 løpometer gjerde. Gjerdet må være forankra i hytteveggen.
2. Det skal brukast treverk. Maksimal ljospning på stakitt eller skigard er 7cm. Gjerde kan være inn til 110cm høgt.
3. Søknad skal innehalde målsett skisse som viser bygningar, planlagd gjerde og begrunne behovet for tiltaket.
4. Det skal sikrast fri ferdsel for dyr og folk etter eksisterande stigar og råk
5. Oppsetting av gjerder i verneområder krev godkjenning frå vernemyndigheitane.

- **Midlertidige gjerder rundt bilar, campingvognar m.m.**

Fjellstyret tilrår at det blir oppretta slik avtale med Statskog SF med reglar for oppsetting av mellombelse gjerder for inngjerding av parkerte bilar og campingvognar i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning:.

1. Om det er nødvendig for å unngå skader frå beitedyr på bil eller campingvogn, kan det på visse vilkår settast opp eit mellombels strømgjerde.
2. Gjerdet skal være strømførande og eigar/brukar må føre dagleg tilsyn jf. lov om dyrevelferd og uttalelsar frå mattilsynet.
3. Det skal ikkje gjerdast inne meir enn det som er nødvendig for å beskytte bil og/eller campingvogn mot beitedyr.
4. Gjerdet må takast ned om eigar/brukar forlet området. Det er ikkje tillate å ha ståande gjerde rundt campingvognar som er sett ifrå seg når eigaren ikkje har tilhald der.

## Møtebok – Lom fjellstyre

*Etter at fristen for å kome med uttale er ute, vert saka behandla på nytt og lagt ut til offentleg ettersyn med ein frist på tre veker til å kome med merknader til vedtaket.»*

Det har kome inn merknader frå Statskog SF og frå Bøvertjønnen hytteforening.

Statskog SF skriv i e-post 2. september 2020 at Statskog ikkje har praksis for å tillate inngjerding av campingvogner og biler m.m. og at dei heller ikkje vil tillate midlertidig bruk av strømråd til slik inngjerding. Dette av hensyn til beitedyr og vilt. Statskog er positive til å opprette regler for gjerder rundt fritidshytter, men meiner at ei begrensing på inntil 20 løpemeter er i for lite:

*« Statskog har hatt en begrensning på inntil 20 løpemeter gjerde rundt fritidshytter i Langmorkje statsallmenning, i Vågå kommune. Erfaringsmessig ser vi at 20 meter i mange tilfeller ikke er tilstrekkelig, da den intime sone i noen tilfeller inkluderer både anneks, uthus og parkeringsareal i tillegg til hytte. Statskog er innstilt på å kunne tillate inngjerding på inntil 50 løpemeter etter søknad for statsallmenningene i Lom.*

*Vi er nå i prosess for å endre reglene til 50 løpemeter også i statsallmenningene i Vågå kommune, og har fra tidligere samme avtale med statsallmenningene i Lesja og Dovre. Erfaringen er at reglene fungerer godt i praksis.»*

Statskog SF foreslår slik avtale for gjerde rundt fritidshytter Visdalen, Vårdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenninger:

*Etter søknad kan Statskog gi grunneiers tillatelse til inngjerding av fritidshytter i Visdalen, Vårdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning, på følgende vilkår:*

- 1. Det kan gjerdes inntil 50 løpemeter.*
- 2. Rekkverk på terrasse/veranda som er godkjent etter plan- og bygningsloven regnes ikke med i antall meter gjerde.*
- 3. Det er tillatt å bruke gjerde av treverk, dvs. skigard, stakitt eller lignende. Trådgjerde av enhver art er forbudt ut fra dyrevernhensyn.*
- 4. Maksimal lysåpning mellom bord på stakittgjerde/skigard er 7 cm. Gjerde kan være inntil 100 cm. høyt.*
- 5. Søknaden skal inneholde navn på fester, festenummer, målsatt skisse som viser bebyggelsen og hvor gjerdet er tenkt satt, videre en begrunnelse for hvorfor arealet ønskes inngjerdet.*
- 6. Det skal sikres fri ferdsel for dyr og folk etter faste råk.*
- 7. Gjerder som ikke er satt opp i henhold til disse regler vil bli krevd fjernet på festers bekostning. Dette gjelder også allerede oppsatte gjerder som ikke er godkjent av Statskog.*
- 8. Oppsetting av gjerder rundt fritidshytter i verneområder forutsetter godkjenning fra vernemyndigheten.*
- 9. Statskog kan kreve godkjent oppsatt gjerde fjernet dersom det ikke lenger er behov eller andre forhold gjør dette nødvendig for grunneier.*

# Møtebok – Lom fjellstyre

Bøvertjønningen hytteforening har med e-post 25. juli 2020 kome med desse merknadene:

*«Vi er veldig positive til å kunne få mulighet til å sette opp gjerde i tilknytning til våre hytter. Det å kunne ha et areal, gjerne i forbindelse med inngangsparti, utan besøk av beitedyr vil være et stort pluss. Man slipper å være engstelig for at lekende små barn eller hunder skal komme i kontakt med beitedyr eller avføringen fra dem.*

*Videre er vi enige i at det må være strenge relger slik at inngjerdingen ikke hindrer fri ferdsel for beitedyr og mennesker.*

*Når det er sagt, så er vi redde for at 20m gjerde vil bli for knapt for mange, og ikke tjene den hensikt det var tiltenkt. Vi mener derfor at det bør være rom for å åpne for at gjerdet kan være inntill 50 løpemetere. Vi mener det er nok areal mellom huyyene til at det fortsatt vil være plass for all ferdsel. Det bør heller ikke være et problem for mengde beite, da det gjerne ikke er vegetasjon helt inn til hytteveggen.*

*For de som har bilveg frem til hytta vil et noe lengre gjerde gjøre det mulig å få bilen innenfor. Dette vil redusere behov for å sette opp midlertidig strømgjerde rundt bilen, som igjen hindrerpotensielle skader på dyr.*

*Utvidet båndtvang gjør at hunden må bindes fast ved hytta stort sett hele hyttesesongen. Et noe større inngjerdet areal vil gjøre det mulig for hunden å bevege seg naturlig uten bånd, noe som er positivt for hundens helse.»*

## **Opplysninger og merknader:**

Å sette opp eit gjerde på statsallmenning er eit grunndisponeringstiltak og krev løyve frå Statskog etter §12 i fjellova. Løyve kan berre gjevast når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern. Før Statskog tek avgjerd skal fjellstyret ha hatt høve til å kome med uttale.

Dersom fjellstyret går med på forslaget til avtale slik den ligg føre, kan Statskog SF aleine handsame sakene utan at fjellstyret får anledning til å uttale seg. I mange tilfelle vil fjellstyret ha større kompetanse til å vurdere søknadane mot vilkåra i avtala, mellom anna når det gjeld faste råk og behovet for eit gjerde knytt mot beitebruk i dei ulike områda. Fyrste setninga i avtala bør om formulerast til at *«løyve blir gjeve i samråd med fjellstyret»* slik at fjellstyret held fast ved retten til å kunne vurdere kvar enkelt søknad.

Det blir elles synt til saksutgreiing, uttaler og vurderingar i sak 7 /2020 og 21/2020.

## **Forslag til vedtak:**

Fjellstyret tek brev- og forslag til avtale frå Statskog SF til orientering og kan gå med på forslaget med desse endringane:

Fyrste setning blir endra til: *«Etter søknad kan Statskog i samråd med fjellstyret gi grunneiers tillatelse til inngjerding av fritidshytter i Visdalen, Vårdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning, på følgende vilkår:»*

Punkt 1 blir endra til: *«1. Tillatelse til å gjerde inntil 50 løpemetere kan bli gitt i områder med ulemper knytt til beitedyr.»*

Avtale med endringar blir sendt Statskog SF for godkjenning.

# Møtebok – Lom fjellstyre

## Vedtak:

Som forslaget.  
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post.

Sak nr.:	22/2021	Arkiv nr.:	335.1	Møtedato:	25.05.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Hus på seter som er fallen i det fri - Prestsetra fnr. 196.

Sakspapir:

- Sak nr. 33/2017 i Lom fjellstyre m/saksdok.
- Sak nr. 5/2018 i Lom fjellstyre m/saksdok.
- Kopi av brev av 20.3.2018 frå Statskog SF til Landbruksdirektoratet.
- Brev dagsett den 21.8.2018 frå Landbruksdirektoratet.
- Sak 33/2018 i Lom fjellstyre m/saksdok.
- Sak 16/2019 i Lom fjellstyre m/saksdok.
- Kopi av brev frå Statskog SF til opplysningsvesenets fond 12. mars 2020. Frifall av seter fnr. 196 -erklæring om avgiftsfri seterbebyggelse.
- Kopi av e-post korrespondanse mellom Statskog SF og Opplysningsvesenets fond 23. mars-3. april 2020. Avslag på tilbod om å opprette erklæring på avgiftsfritt feste.
- Brev frå Statskog SF 14. mai 2020- Hus på seter som er fallen i det fri - Statskog SF oversender sak til Lom fjellstyre for behandling etter § 13, 4. ledd i seterforskriften.
- Brev frå innlandet fylkeskommune kultur-kulturarv av 18. mars 2021. Uttalelse vedrørende fjerning av hus på seter – Fnr. 155/1/196.
- E-post 20. mai frå Opplysningsvesenets fond. Leir- og Bøverdalen statsallmenning, Prestgardsetra 155/1/196. Hus på seter som er fallen i det fri.

## Saksutgreiing:

Statskog SF har med brev dagsett den 14. mai 2020 oversendt sak om husa på prestgardsetra for behandling etter § 13, 4. ledd i seterforskrifta. I brevet skriv dei:

*«Lom fjellstyre fattet vedtak om frifall av Prestsetra i Leir- og Bøverdalen statsallmenning etter fjellova § 22, i sak nr. 33/2017. Rettighetshaver Opplysningsvesenets fond (OVF) påklagde vedtaket, fjellstyre opprettholdt tidligere vedtak om frifall i sak nr. 5/2018, og saken ble oversendt Landbruksdirektoratet for endelig klagebehandling. Landbruksdirektoratet stadfestet Lom fjellstyre sitt vedtak om frifall av seter i sak 18/20597-3. Lom fjellstyre vedtok i sak nr. 33/2018, å lyse ut den ledige setra til jordbrukseiendom*



## Møtebok – Lom fjellstyre

*i drift som hadde behov for seter. Fjellstyret mottok fire søknader, ingen av søkerne kunne dokumentere behov for seter, men at mer areal til fôrproduksjon og beite var primært. I sak nr. 16/2019 vedtok Fjellstyret derfor å tildele arealet, med unntak av tomtearealet til seterhusa, som tilleggsjord for fôrproduksjon og beite, slik at utvisningen endret status fra seter til tilleggsjord. Fjellstyret tok en vurdering på at Lom prestegard er å se som en jordbruksmessig enhet i allmenningsrettslig tydning, og med bakgrunn i dette kunne Statskog SF gi OVF erklæring i inntil 10 år av gangen til å ha seterbebyggelsen stående avgiftsfritt.*

*I brev av 12.03.2020 og e-post av 26.03.2020, tilbyr Statskog SF å opprette erklæring på rett til å ha seterbebyggelsen stående vederlagsfritt i inntil 10 år av gangen. I e-post av 23.03.2020 og 03.04.2020 avslår OVF tilbud om å opprette erklæring på seterbebyggelsen.*

*Med bakgrunn i overstående oversender Statskog SF saken til Lom fjellstyre for behandling etter seterforskriftens § 13, 4 ledd, der fjellstyret gjør vedtak om at husene skal fjernes da verken utvisning eller erklæring er aktuelt.»*

Saka vart med brev 13. august 2020 oversendt kulturarveininga sjå innlandet fylkeskommune for uttale, jf. føresegnene i seterforskrifta. Med brev 18. mars 2021 skriv dei:

*«Det vises til Deres henvendelse av 13.08.2020 vedrørende fjerning av hus på fnr. 155/1/196, Prestsetra, i Lom kommune. På grunn av redusert kapasitet hos Kulturavseksjonen i Innlandet fylkeskommune har dessverre saken blitt liggende ubesvart lenge, noe vi beklager.*

*Etter opplysninger fra Åsmund Galde i Lom Fjellstyre, gitt på telefon, dreier saken seg om tre seterbygninger beliggende i vestre hjørne av kvea, og etter fradeling ligger disse nå rett utenfor fnr. 155/1/196. To av bygningene, seterstua og fjøset, er SEFRAK-registrerte. Av denne grunn, og i henhold til seterforskriften § 13, er saken sendt Kulturavseksjonen for uttalelse.*

*Seterstua er datert til tredje kvartal av 1800-tallet, mens fjøset er datert til første kvartal av 1900-tallet. Tilstand på bygningene er ukjent, men utfra oversendte foto, ser de ut til å ha vært vedlikeholdt og ha tette tak. Sammen med disse bygningene står et mindre uthus som ikke er SEFRAK-registrert. Midt nede i kvea står en høylåve som er SEFRAK-registrert, med datering til tredje kvartal av 1800-tallet. Denne er ikke aktuell for riving i forbindelse med denne saken, og tilfaller ny eier av slåttearealet.*

*Saken har en kompleks historikk, som er gjort rede for i brevet fra Lom Fjellstyre av 13.08.2020. I korte trekk er bakgrunnen for saken et vedtak om frifall av den aktuelle setra, fattet av Lom Fjellstyre i henhold til fjellova § 22, og bekreftet av Landbruksdirektoratet i brev av 21.08.2018. Det har ikke vært søkere som har oppfylt krav for tildeling av denne setra etter frifall, og fjellstyret vedtok derfor å tildele arealet, bortsett fra tomtearealet for seterhusa, om tilleggsjord til produksjonsenhet der dette kunne styrke driftsgrunnlaget. Tidligere seterbruker, Opplysningsvesenets fond, fikk tilbud om rett til å ha*

## Møtebok – Lom fjellstyre

*seterhusene stående i inntil 10 år av gangen på avgiftsfritt feste, men avslø dette tilbudet. Dette betyr at bygningene i praksis står uten eier med bruksrett, og de er ikke lenger knyttet til seterdrift. Ifølge seterforskriften § 13, fjerde ledd, skal da fjellstyret gjøre vedtak om at bygningene skal fjernes.*

*Vi gjør i denne sammenheng oppmerksom på at kulturminneloven som en spesiell lov/særlov i utgangspunktet går foran generelle lovverk. En generell rivehjemmel (som her i seterforskriften/fjellogen) kan ikke overstyre vernehensyn hjemlet i kulturminneloven som særlov. Vi viser her til kulturminnelovens formålsbestemmelse (§1) som blant annet sier at Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Når det etter annen lov treffes vedtak som påvirker kulturminneressursene, skal det legges vekt på denne lovs formål. Hvis andre hensyn skal gå foran vernehensynet må dette konkretiseres mer enn ved en generell henvisning til forskrift.*

*De omsøkte bygningene ligger i det nasjonalt verdifulle kulturlandskapet Bøverdalen, et landskap som også er foreslått som et Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Bygningene ligger i et godt bevart setermiljø, med høy opplevelsese- og kunnskapsverdi. Bygningene har utvilsomt verdi som historiebærere og elementer i seterlandskapet i den øvre delen av Bøverdalen. Den kulturhistoriske verdien vil bli noe redusert ved at bygningene ikke lenger har tilknytning til seterdrift, men er allikevel viktige elementer i det verdifulle kulturlandskapet. Låven som ikke er planlagt revet i denne sammenheng er også et viktig element i kulturlandskapet, men vil miste mye av sin verdi dersom de øvrige seterbygningen blir fjernet.*

*Kulturarvseksjonen har vurdert saken, og vil fraråde fjellstyret å gjøre vedtak om at bygningene skal fjernes. Fylkeskommunen som kulturminnemyndighet anser i dette særskilte tilfellet forholdet til kulturminneverdiene og det verdifulle kulturlandskapet som viktigere. I et langsiktig perspektiv er det bedre at bygningene blir stående ute av bruk slik at man på sikt kan finne løsninger, enn at man går videre med en irreversibel riving når det ikke finnes konkrete grunner til at de skal fjernes.*

*Kulturarvseksjonen vil anbefale fjellstyret i dette særskilte tilfellet å se på andre muligheter for å kunne ta vare på og gi nytt liv til seterbygningene.*

*Det forutsettes for øvrig at fjellstyret og kommunen gjør en helhetlig vurdering av bakenforliggende hensyn i gjeldende plan- og lovverk, og at denne vurderingen synliggjøres og legges til grunn for vedtaket. Videre må fjellstyret og kommunen vurdere faren for presedens.»*

Brev frå Statskog SF og uttale frå kulturarveininga vart med e-post 11. mai sendt Opplysningsvesenets fond for eventuelle merknader. Med e-post 20. mai skriv dei:

*«Opplysningsvesenets fond (Ovf) støtter Innlandet fylkeskommune i at det vil være svært uheldig å rive verneverdige bygg og ønsker derfor å gå i dialog med Lom fjellstyre om alternative løsninger:*

## Møtebok – Lom fjellstyre

- *Ovf gis en festeavtale på 50 år med mulighet for forlengelse med tanke på at fondet inngår en leiekontrakt med en tredjeperson som setter i stand bygningene etter nærmere avtale*
- *Ovf gis tillatelse til å selge bygningene til tredjeperson*
- *Lom fjellstyre selger bygningene til tredjeperson*
- *Andre alternativ*

*Videre er Ovf av den oppfatning at lovverket som regulerer setre i statsallmenninger bør revideres med tanke på å finne andre løsninger enn rivning av kulturhistoriske bygg.»*

### **Opplysninger og merknader:**

Fjellstyret har med vedtak i sak 33/2017, som etter klagebehandling i sak 5/2018 vart stadfesta av Landbruksdirektoratet i sak 18/20597-3, bestemt at Prestgardsetra er fallen i det fri etter fjellova sin §22.

Setra vart etter vedtak i sak 33/2018 lyst ut til jordbrukseigedommar i drift med behov for seter. Etter utlysning og behandling av søknadane vedtok fjellstyret å tildele arealet, med unntak av tomtearealet til seterhusa, som tilleggsjord for forproduksjon og beite. I saka vart det synt til at Lom prestegard er å sjå på som ei jordbruksmessig eining i allmennrettsleg tyding, og at Statskog med dette kan gje OVF løyve til ha husa ståande etter vilkåra gjeve i § 13 i seterforskrifta som seier at:

*«Blir seter som er fallen i det fri ikkje vist ut til ein annan eigedom med bruksrett, kan Statskog SF gi seterbrukaren løyve i inntil 10 år av gangen til å ha hus eller anlegg ståande utan vederlag til bruk for seg og huslyden om fjellstyret samtykkjer. Denne retten skal høyre under eigedomen, og kan ikkje skiljast frå han ved overdraging av husa.*

*Kontrakt om bortleige eller annan liknande bruksrett er likestilt med overdraging om ikkje retten er stifta for kortare tid enn 10 år utan rett for brukaren til forlenging eller fornying av kontrakten.*

*§ 17 i denne forskrifta gjeld tilsvarande for løyve etter første ledd.*

*Fjellstyret gjer vedtak om at husa skal fjernast om verken utvising eller løyve er aktuelt. Før fjellstyret gjer vedtak om fjerning av hus skal saka leggast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.»*

Slik sakshandsamar vurderer saka så har fjellstyret gjort sine vurderingar og tilrådd at det blir oppretta ei erklæring om feste for seterhusa, etter dei vilkåra som er gjeve i seterforskrifta. Det kan ikkje være opp til OVF å velje å avslå ei slik erklæring, all den tid dei står som eigarar av bygningane. Fjellstyret har ikkje fatta vedtak, eller fremja ynskje om å rive bygningane. og bør difor sende saka attende til Statskog SF for vidare oppfylgning.

Frå OVF er det framlagt ulike alternative løysingar m.a. festeavtale for eit lengre tidsperspektiv, bortleige for lengre tid eller at festet blir gjort omsetteleg og kan seljast.

## Møtebok – Lom fjellstyre

Ingen av desse løysingane er i tråd med lovverket, og korkje Statskog SF eller fjellstyret har heimel til å gå utanom føresegnene i fjellova og seterforskrifta.

### Forslag til vedtak:

Lom fjellstyre syner til vurderingane i saka og opprettheld tilrådinga om at Lom prestegard, gnr. 70, bnr. 1, i Lom kommune får løyve til å ha hus på seter med festenr. 196 ståande utan vederlag j.f. vilkåra i §13 i forskrift om seter og tilleggsjord på statsallmenning m.m.

Saka blir oversendt Statskog SF for vidare oppfølging.

### Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Innlandet fylkeskommune – kuturarveininga – som e-post
- Opplysningsvesenets fond – som e-post

Sak nr.:	23/2021	Arkiv nr.:	335.1	Møtedato:	25.05.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

### Vårdalen statsallmenning. Søknad om løyve til oppføring av kvilebu på dyrkingsparsellen til Bjørgen, feste nr. 157/1/103 .

Sakspapir:

- E-post sendt frå Arne Bjørgen 27. april 2021. Søknad om løyve til oppføring av kvilebu.
- Sak 37/2011 i Lom fjellstyre.

### Saksutgreiing:

Med e-post 27. april har Arne Bjørgen, eigar av garden Bjørgen, gnr. 5, bnrnr. 6, søkt om løyve til å sette opp ei kvilebu på dyrkingsparsellen sin på Nordseter med festenummer 157/1/103. Teikningar og kartskisse ligg vedlagt søknaden. Bua er tenkt oppført i laft med torvtak og størrelsen er om lag 8 m<sup>2</sup>.

Søkjar opplyser at han har vore i kontakt med kommunen og fått beskjed om at kvilebua er såpass lita at det ikkje er naudsynt med byggjeløyve.

### Opplysningar og merknader:

Bjørgen fekk i fjellstyresak 37/2011 løyve til å sette opp kvilebu med om lag same størrelse og plassering.

## Møtebok – Lom fjellstyre

Oppføring av bygningar knytt til drift av utvist tilleggsjord er regulert i §25 i seterforskrifta, der det heiter:

*Når det er nødvendig for drift av utvist tilleggsjord eller for utøving av anna beitebruk enn setring, eller når det er gitt løyve til utnytting av andre ressursar som krev bygningsmasse, kan brukaren få føre opp, endre eller utvide hus, driftsbygningar og anlegg etter retningslinene i andre, tredje og fjerde ledd.*

*Fjellstyret kan gi jordbrukar som har fått utvist seter eller tilleggsjord rett til areal til gjødselkum om drifta krev det. Fjellstyret kan òg gi brukarar som samarbeider i felles drift rett til tomt til felles driftsbygning.*

*Statskog SF kan gi løyve til utnytting av andre ressursar enn beite og tilleggsjord, og kan gi løyve til oppføring av nødvendige hus og anlegg i samanheng med dette.*

*Fjellstyret og Statskog SF skal setje vilkår for bruken av hus og anlegg, fjerning ved opphør av bruk mv.*

### **Framlegg til vedtak:**

Lom fjellstyre gjev med heimel i § 25 i forskrift om seter og tilleggsjord m.m. løyve til at eigar av garden Bjørgen gnr. 5, bnr. 6 får føre opp kvilebu på dyrkingsparsellen 157/1/103 slik det er søkt om.

Plassering av bygget på parsellen skal skje i samråd med fjellstyret og Statskog SF. Fjellstyret tek atterhald om at Statskog SF ikkje har innvendingar til tiltaket. Dersom dei har innvendingar, må dette gjerast kjent for fjellstyret innan ein frist på tre veker, etter at dei er gjort kjende med vedtaket.

### **Vedtak:**

Som framlegget.  
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Arne Bjørgen – som e-post
- Statskog SF – som e-post

Sak nr.:	24/2021	Arkiv nr.:	141	Møtedato:	25.05.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

### **Søknad om stønad frå fjellkassa – Setervegen Hesthagen-Smørli - plastring av Ilva.**

Sakspapir:

- E-post frå Per Runningen for setervegen Hesthagen-Smørli sendt 24. mars 2021. Søknad om tilskot – plastring ved Ilva.

# Møtebok – Lom fjellstyre

## Saksutgreiing:

Med e-post sendt 24. mars 2021 søker setervegen Hesthagen-Smørli v/Per Runningen om tilskot til plastring av Ilva.

I søknaden er det gjort greie for problem knytt til erosjon i elva Ilva, med dei konsekvensane dette kan få for dyrka jord, seterhus og veg. Plastring langs elvekanten er eit prosjekt som setervegen Hesthagen-Smørli har sett i gang på eiga initiativ. Hausten 2020 vart det utført arbeid for 14000,- inkl. mva.

Setervegen søkjer om å få dekt enten heile eller delar av kostnaden. Vidare skriv dei at arbeidet som vart utført i haust er ein del av eit større prosjekt som må gjennomførast, og at dei håpar nokon tek tak i dette før det er for seint.

## Opplysningar og merknader:

Reglane for disponering av eventuelt overskot i fjellkassa er gjeve i § 11 i fjellova og seier at fjellstyret ved vedtak avgjer korleis overskotet skal nyttast. Er overskotet i fjellkassa større enn det som trengs til tiltak i allmenningen, kan fjellstyret disponere midlane til næringsutvikling i allmenningsbygdene, og etter samtykke frå departementet (dvs. Statskog SF), til allmennyttige formål i desse bygdene.

For året 2021 er det avsett 200.000 til tilskot frå fjellkassa, 50.000 er avsett til fellesdriftene i Veodalen og i Storådalen. Dei resterande 150.000 kan løyvast til tiltak i allmenningen eller til næringsutvikling- eller allmennyttige tiltak.

Søknadsfrist for tilskot frå fjellkassa var i år sett til 1. mai. Innan fristen var ute har det i alt kome inn 3 søknader om tilskot:

- Setervegen Hesthagen-Smørli – plastring ved Ilva 14000
- Storådalen beitelag – investeringstilskot intill 50 000
- Jotunheimen Ultimate Challenge – arrangementstilskot uspesifisert

## Vedtak:

Lom fjellstyre løyver kr 14.000 i tilskot frå fjellkassa til setervegen Hesthagen-Smørli for utgifter knytt til plastring av Ilva.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Per Runningen – som e-post.
- Statskog SF – som e-post
- Rekneskapsfører

Sak nr.:	25/2021	Arkiv nr.:	141	Møtedato:	25.05.2021
Saksbehandlar:	Eilev Hellekveen				

**Søknad om stønad frå fjellkassa.**

**Dynafit Jotunheimen Ultimate Challenge - støtte til arrangement**

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sakspapir:

- E-post sendt 8. april 2021 frå Dynafit Jotunheimen Ultimate Challenge. Søknad om støtte til arrangement.

## Saksutgreiing:

Med e-post sendt 8. april 2021 søker Knut Vole, for arrangørkomiteen, om støtte til løpet Dynafit Jotunheimen Ultimate Challenge.

Løpet skal gjennomførast 3.juli 2021 og er eit ultraløp med start frå Glitterheim Turisthytte. Løypetraseen går over Glittertinden, ned til Spiterstulen Turisthytte, opp til Galdhøpiggen, ned att til Spiterstulen, ned Visdalen til Heimsætra og så til målgang på Juvasshytta. Løpet arrangeres som eit eco-trail løp, det vil seie at alle må vere sjølvforsynte og ingen kan kaste søppel i naturen. Løpet fylgjer varda rute frå start til mål. Tidtaking via eq-timing og chip, som kan fylgjast på nett under heile løpet med passeringar på Glittertind, Spiterstulen og Galdhøpiggen. Løpet er no fulltegna med 200 deltakarar.

## Opplysningar og merknader:

Reglane for disponering av eventuelt overskot i fjellkassa er gjeve i § 11 i fjellova og seier at fjellstyret ved vedtak avgjer korleis overskotet skal nyttast. Er overskotet i fjellkassa større enn det som trengs til tiltak i allmenningen, kan fjellstyret disponere midlane til næringsutvikling i allmenningsbygdene, og etter samtykke frå departementet (dvs. Statskog SF), til allmennyttige formål i desse bygdene.

For året 2021 er det avsett 200.000 til tilskot frå fjellkassa, 50.000 er avsett til fellesdriftene i Veodalen og i Storådalen. Dei resterande 150.000 kan løyvast til tiltak i allmenningen eller til næringsutvikling- eller allmennyttige tiltak.

Søknadsfrist for tilskot frå fjellkassa var i år sett til 1. mai. Innan fristen var ute har det i alt kome inn 3 søknader om tilskot:

- Setervegen Hesthagen-Smørli – plastring ved Ilva 14000
- Storådalen beitelag – investeringstilskot intill 50 000
- Jotunheimen Ultimate Challenge – arrangementstilskot uspesifisert

## Vedtak:

Lom fjellstyre løyver kr. 10.000,- frå fjellkassa til arrangementet Dynafit Jotunheimen Ultimate Challenge.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Knut Vole – som e-post
- Statskog SF – som e-post
- Rekneskapsfører

Sak nr.:	26/2021	Arkiv nr.:	141	Møtedato:	25.05.2021
----------	---------	------------	-----	-----------	------------

# Møtebok – Lom fjellstyre

Saksbehandlar:	Åsmund Galde
----------------	--------------

## Søknad om stønad frå fjellkassa.

### Storådalen Beitelag – Nye grinder til flåte og lastebrygge.

Sakspapir:

- E-post sendt 29. april 2021 frå Storådalen beitelag. Søknad om tilskot til investering.

### Saksutgreiing:

Med e-post sendt 29. april.2021 har Storådalen beitelag v/Hans Erik Kolden søkt om inntil 50.000,- i stønad til nye grinder på flåten, og til lastebrygga og tråda ved Gjendebu.

På grunn av Covid-19 situasjonen har ikkje beitelaget hatt noko fysisk planleggingsmøte med tanke på grindval, det er ikkje innhenta pristilbod eller sett opp kostnadsoverslag over tiltaket. Søknaden er derfor eit grovt anslag og beitelaget skriv at dei vil kome attende med oppdaterte tal ved seinare høve.

### Opplysningar og merknader:

Reglane for disponering av eventuelt overskot i fjellkassa er gjeve i § 11 i fjellova og seier at fjellstyret ved vedtak avgjer korleis overskotet skal nyttast. Er overskotet i fjellkassa større enn det som trengs til tiltak i allmenningen, kan fjellstyret disponere midlane til næringsutvikling i allmenningsbygdene, og etter samtykke frå departementet (dvs. Statskog SF), til allmennyttige formål i desse bygdene.

For året 2021 er det avsett 200.000 til tilskot frå fjellkassa, 50.000 er avsett til fellesdriftene i Veodalen og i Storådalen. Dei resterande 150.000 kan løyvast til tiltak i allmenningen eller til næringsutvikling- eller allmennyttige tiltak.

Søknadsfrist for tilskot frå fjellkassa var i år sett til 1. mai. Innan fristen var ute har det i alt kome inn 3 søknader om tilskot:

- Setervegen Hesthagen-Smørli – plastring ved Ilva 14000
- Storådalen beitelag – investeringstilskot intill 50 000
- Jotunheimen Ultimate Challenge – arrangementstilskot uspesifisert

### Vedtak:

Saka blir utsett.

Fjellstyret vil vente med behandling til ny søknad med kostnadsoverslag ligg føre.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Storådalen beitelag – som e-post



# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	27/2021	Arkiv nr.:	141	Møtedato:	25.05.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Tilleggsak. Stønad frå fjellkassa. Driftstilskot til seterveggar i allmenningane.

### Saksutgreiing:

Setervegane i statsallmenningane er av stor betydning og til nytte for mange. Vegane blir brukt til jordbruksformål, reiseliv, for utøving av jakt- og fiske og utøving av friluftsliv. Veganlegga som ikkje er knytt til ei større reiselivsbedrift, er for det meste organisert i veglag og vedlikehalde delvis på dugnad av brukarane i området. Inntektsgrunnlaget er varierende, nokre av vegane tek ikkje bomavgift i det heile.

### Opplysningar og merknader:

Reglane for disponering av eventuelt overskot i fjellkassa er gjeve i § 11 i fjellova og seier at fjellstyret ved vedtak avgjer korleis overskotet skal nyttast. Er overskotet i fjellkassa større enn det som trengs til tiltak i allmenningen, kan fjellstyret disponere midlane til næringsutvikling i allmenningsbygdene, og etter samtykke frå departementet (dvs. Statskog SF), til allmennyttige formål i desse bygdene.

For året 2021 er det avsett 200.000 til tilskot frå fjellkassa, 50.000 er avsett til fellesdriftene i Veodalen og i Storådalen. Dei resterande 150.000 kan løyvast til tiltak i allmenningen eller til næringsutvikling- eller allmennyttige tiltak.

Søknadsfrist for tilskot frå fjellkassa var i år sett til 1. mai. Innan fristen var ute har det i alt kome inn 3 søknader om tilskot:

- Setervegen Hesthagen-Smørli – plastring ved Ilva 14000
- Storådalen beitelag – investeringstilskot intill 50 000
- Jotunheimen Ultimate Challenge – arrangementstilskot uspesifisert

### Forslag til vedtak:

Lom fjellstyre løyver kr 10 000,- i driftstilskot til kvar av desse veganlegga:

- Meadalsvegen
- Mytingsvegen
- Leiråsvegen
- Prestsetervegen
- Høydalsvegen
- Nyrneshaugen – Stålane
- Hesthagen – Smørli

Fjellstyret meiner at desse veganlegga er viktige for mange, og at tilskotet vil kome alle brukarane av allmenningane til gode.

# Møtebok – Lom fjellstyre

## Vedtak:

Som forslaget.  
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Rekneskapsfører

Veganlegga:

- Meadalsvegen
- Mytingsvegen
- Leiråsvegen
- Prestsetervegen
- Høydalsvegen
- Nyrneshaugen – Stålane
- Hesthagen – Smørli

Sak nr.:	28/2021	Arkiv nr.:	335.1	Møtedato:	25.05.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Vårdalen statsallmenning. Søknad om løyve til å sette opp minnetavle på kyrkjeflaten.

Sakspapir:

- E-post frå Statskog SF 21. mai. Uttale til søknad om å sette opp minneplate ved Nåvårsetrene.

## Saksutgreiing:

Med e-post 21. mai har Statskog SF bede om fjellstyret si uttale til ein søknad frå Lom kyrkjelege råd om å sette opp ei minneplate på Kyrkjeflaten ved Nåvårsetrene i Vårdalen statsallmenning.

I søknaden skriv dei:

*«Lom kyrkjeleg råd søkjer med dette fjellstyret om å få setja opp ei minneplate i metall på ein av dei eksisterande steinane i formasjonen «Fjellkyrkja» like sør for Nåvårsetrin i sørenden av Tesse.*

*Minneplata skal markere 1000-årsminnet for Heilag-Olav og hans kristningsferd gjennom Lom, som Snorre Sturlason fortel gjekk føre seg i året 1021.*

*Plata skal lagast i messing eller liknande metall og festast permanent i steinen, anten ved innmuring eller med syrefaste skruar/boltar. Teksta skal graverast inn i minneplata. Det er tenkt at plata skal vera maksimalt 30 x 40 centimeter stor.*

## Møtebok – Lom fjellstyre

*Lom kyrkjelege råd ber kostnaden og syter for at arbeidet blir utført i tråd med evt. tillating frå fjellstyret. Rådet tek gjerne imot innspel frå fjellstyret når det gjeld utforminga og innfestinga av minneplata. Plata er planlagt oppsett under messa ved Tesse søndag 20. juni 2021.»*

### **Opplysningar og merknader:**

Tiltaket er ei grunndisponerings sak etter §12 i fjellova og fjellstyret skal få høve til å kome med fråsegn før Statskog SF tek avgjerd. Fjellstyret står fritt til å uttale seg om alle sider ved saka, ikkje berre om tiltaket er til vesentleg skade for nokon med bruksrett slik det kan lesast av e-posten frå Statskog.

Minneplater og liknande installasjonar er sjeldan til skade eller vesentleg ulempe for nokon med bruksrett, men kan av enkelte i tilfeller opplevast som skjemmande. Fjellstyret har hatt ei restriktiv haldning til slike installasjonar i høg fjellet. Plassering, omfang, kontekst og fare for presedens er noko som må vurderast i kvart tilfelle.

I dette tilfellet er det lite truleg at eit løyve vil gje presedens. Hendinga som skal minnast er av det særskilte slaget, og er ei historisk forteljing som truleg er av allmenn interesse.

Dersom det skulle vera aktuelt med meir informasjon og orientering kring kristningsferda og 1000- års minnet, så har fjellstyret ein ledig bolk i informasjonstavla ved Nordsetrene. Denne er strategisk plassert og godt synleg frå vegen.

### **Vedtak:**

Lom fjellstyre stiller seg positive til at Lom kyrkjelege råd set opp ei minneplate ved steinformasjonen «Fjellkyrkja» i anledning 1000 års minnet for heilag-Olav og kristningsferda hans gjennom Lom.

Fjellstyret stiller fjelloppsynet til disposisjon for rådføring vedrørande plassering og utforming av minnetavla.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Lom kyrkjelege råd – som e-post
- Statskog SF – som e-post